

## Er alle orda til for å verta sagde? Røynsler om målreising blant boruca-indianarar (Costa Rica)

*Miguel Angel Quesada-Pacheco*

Boruca er eit indianarområde i den sørlege luten av Costa Rica (Mellom-Amerika), med om lag 3500 innbyggjarar og med nesten ingen boruca-språkbrukarar lenger. Sidan 1900 hadde dette språket, som høyrer til chibcha-språkfamilien (i dag utgjer han om lag 15 levande språk i Mellom-Amerika og Colombia), opplevd ein sterk nedgang, dei eldre, språkmektige ville ikkje lenger overføra det til yngre generasjonar til fordel for spansk, Costa Ricas offisielle og dominerande språk. På 50-talet vart det om lag 40 tospråklege indianarar og kanskje to eller tre einspråklege innbyggjarar, og i byrjinga av hundreåret døydde dei siste tospråklege. I dag snakkar nokre av dei litt men ikkje nok boruca til å halda ein fri og flytande samtale.

Med midlar frå Institutt for framandspråk ved Universitetet i Bergen fekk eg høve til å utforska dette no nesten utdøydde språket. Resultat av denne forskinga var innsamling og utgjeving av ein god del materiale relatert til munnleg tradisjon (skildringar, legender, mytar), samt ein grammatikk og ei tospråkleg ordbok (boruca-spansk og spansk-boruca).

Lagnaden til dette språket har vore så urovekkjande at ein gong oppsøkte to boruca-damer meg for å be meg om hjelp med opprettinga av eit kurs i boruca-språk for vaksne, med sikte på oppmoda folket om å snakka språket deira igjen. Idéen tykte eg var framifrå, eg såg på han som eit slags vederlag for all støtte eg hadde fått av dei for forskningstida mi der.

Kvinnene i Boruca-kulturen har alltid hatt stor makt, eit skikkeleg matriarkat. Dimed var det null frykt for at prosjektet skulle mislukkast. I tillegg ga Costa Ricas undervisningsdepartement midlar til utgjevinga av læreboka og løyve til å bruka skulen der til kurset. Costa Ricas statlege universitet (Universidad de Costa Rica), den katolske kyrkja i Boruca og den lokale kringkastingsendaren vart òg med på å hjelpa å tilskipa prosjektet med transport og kunngjeringar over heile området.

Det eg ikkje hadde rekna med var at boruca-folket, som skulle danna grunnlaget for utføringa av dette prosjektet, og som skulle delta i eit kostnadsfritt språkkurs, skulle sjå annleis på forventningane mine med omsyn til fruktbar gjennomføring og gode resultat av prosjektet. Naturleg nok hadde eg ikkje forventa at deltakarane etter eit semester skulle snakka boruca fritt og flytande, men at dei i det minste skulle ha ein idé om korleis urspråket var oppbygt.

Undervisninga skulle gå føre seg om helgene. Fyrste kvelden var det om lag 20 deltakarar, kvelden deretter var det like mange, men ikkje same deltakarane som dagen før, noko som fekk meg til å byrja om att frå null. Og slik gjekk det over fleire kveldar: nye deltakarar, same opplegg på same vis som dagen før. Ein gong spurde eg ein som var med på den fyrste førelesinga, men ikkje resten av gongane, kvifor han ikkje kom att til undervisninga. Han såg rart på meg og sa: "Jo, eg har vore der." Jo, svara eg, ein gong, ein einaste gong! "Jo, men eg var med på kurset." Fint, tenkte eg, kanskje det var nok for han å ha vore der ein einaste gong og ikkje meir, greitt for han, greitt for meg. Eg fekk vita at mange av dei, som ikkje hadde skulegang, trudde at det å læra eit språk var som å læra å veva eller strikka.

Ein kveld skulka alle deltakarane undervisninga. Kva skjer? Regn! Jo men, berre av di det regnar, kjem ingen? I eit tropisk område, der dette vêrfenomenet er like vanleg som snøen i Noreg, føretrekte dei å sitja heime og ikkje vera med på å oppfylla draumen om å

læra språket. Det verste syntest eg var at husa deira låg berre nokre meter unna skulen. Det var meg heilt uforståeleg at eg laut dra fleire timars reise for å koma dit, medan dei ikkje kunne røra seg tolv meter ikring. Men slik var det, hyggjelegare å vera trygt og godt heime enn å verta blaut på veg til kurset.

Mange gonger kom folk på språkkurset, som regel 60-, 70-åringar, som kunne boruca nokså godt. Eg pla å be dei om å seia nokre setningar fram for resten av deltakarane, som knapt kunne seia *íshojcrerá ban?* 'korleis går det med deg?'. Men dei torde aldri uttrykkja noko ord. Etterpå fekk eg vita at når dei var skuleborn og ville seg imellom snakka boruca, kom læraren, som var utanfrå, og tvang dei å snakka spansk, ja, dei fekk straff og hyl for det. På dette viset vart dei lingvistisk handikappa, og sjølv om dei kunne forstå og snakka, var det for dei eit mentalt hinder.

Det dukka opp ein interessant situasjon ein gong på undervisningstimen. Eit eldre par var til stades, eg hadde byrja å forklara kva pluskvamperfektum var, og korleis det fungerte på boruca. Dama ser undrande på mannen sin og spør han: Har du høyrte noko liknande? Nei, seier han. Greitt, då skal me ikkje bruka det der, svara ho. Men... det er godt dokumentert at boruca har ein slik verbalstruktur, sa eg. Jo, men me kjenner ikkje til han og tenkjer heller ikkje ta han i bruk. Fint, sa eg, det er de som eig dette språket og det er altså de som rår over det, og dersom de ikkje vil bruka dette tempuset, greitt for meg.

Det var ein sundagskveld, og medan eg sto og underviste, spurde ei av damene som regelfast var med på førelesingane mine korleis ein sa 'trist' på boruca. Då eg svarte med ordet *shoshi*, byrja ho å le, ja, skrattle. Eg vart stum, ordlaus. Då eg spurde ho kvifor så mykje latter, sa ho at ordet eg hadde sagt vart brukt berre for sjuke kjuklingar, ikkje for menneske. Eg tvilte og spurde ein annan person som kunne urspråket nokså godt, og ho sa at ordet eg hadde sagt var rett, og at det gjaldt alt som var levande: tre, dyr, menneske. Eg prøvde å forklara dama at eit ord er samansett av mange tydingar, og at når eit språk døyrt ut, døyrt også tydingane, slik at ordet *shoshi* levde hjå ho berre med ei tyding (semantisk reduksjon). Dama aksepterte ikkje svaret mitt og heldt fram med å le.

Det var desember, og eg kom som vanleg tidleg nok til å byrja undervisninga i god tid, men... ingen deltakar var til stades. I staden for å finna eit fullt klasserom fann eg at det på torget myldra av folk som fylte av glede gjekk hit og dit og som bar kokebananar, grisar, høns og mangt anna på skuldrene. Der trefte eg ei av damene som gjekk på førelesingane og som sa til meg: "I dag er det høgtid i Boruca, ikkje forvent at me skal vera med på kurset." Kvifor sa ingen noko til meg veka før, slik at eg kunne spart meg den ofseleg lange reisa frå San José, Costa Ricas hovudstad inn i jungelen? Slutt, sa eg. Aldri meir åleine inn i dette eventyret! Neste gong tek eg andre fagfolk med, slik at psykologar, antropologar, historikarar og lingvistar kan alle saman bidra å revitalisera eit språk. Ein einaste fagperson kan ikkje gjera noko med ein slik skjebne. Alt anna er berre å utfordra lagnaden.

Sosiale, psykologiske, etniske og lingvistiske faktorar fekk språkkurset til å hamna i vasken. Alvorlege problem eg ikkje hadde rekna med, som skulle vera til stades og som skulle medverka i ein draum om å atteroppleva eit språk på sotteseng. Er alle orda til for å verta sagde? Kanskje andre stadar, men ikkje blant boruca-indianarar frå Costa Rica.